

KOMMISJONSDIREKTIV 2006/47/EF

2009/EØS/69/24

av 23. mai 2006

om fastsetjing av særlege vilkår for innhald av *Avena fatua* i såkorn(*)

(Konsolidert versjon)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

innarbeiding i nasjonal lovgjeving av dei direktiva som
er nemnde i vedlegg I del B.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om
markedsføring av såkorn⁽¹⁾, særleg artikkel 11 nr. 2, og

Artikkel 1

ut frå desse synsmåtane:

Medlemsstatane skal på oppmoding utferde det offisielle
sertifikatet som er fastsett i artikkel 11 i direktiv 66/402/EØF:

- 1) Kommisjonsdirektiv 74/268/EØF av 2. mai 1974 om fastsettelse av særlege vilkår for innhald av *Avena fatua* i frø fra førvekster og i såkorn⁽²⁾ er vorte monaleg endra⁽³⁾. Av omsyn til klarleiken og av praktiske grunnar bør det nemnde direktivet difor konsoliderast.
- 2) I direktiv 66/402/EØF er det fastsett toleransar med omsyn til innhald av *Avena fatua* i såkorn.
- 3) Desse toleransane verkar å vere for høge med omsyn til visse krav. Følgjeleg er det i direktiv 66/402/EØF fastsett tilleggsmerking for frø som stettar særlege vilkår med omsyn til innhald av *Avena fatua*.
- 4) Dei særlege vilkåra som er fastsette i samband med dette, er av ein slik art at dei stettar slike krav, samstundes som dei tek omsyn til korleis frøa kan produserast og kontrollerast.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —
- 6) Dette direktivet rører ikkje ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for

- a) dersom avlinga er fri for *Avena fatua* på tidspunktet for ein offisiell feltinspeksjon i samsvar med føresegnene i vedlegg I til det nemnde direktivet, og dersom ei prøve på minst 1 kg, som er teken i samsvar med føresegnene i artikkel 7 i det nemnde direktivet, er fri for *Avena fatua* på tidspunktet for ei offisiell gransking, eller
- b) dersom ei prøve på minst 3 kg, som er teken i samsvar med føresegnene i artikkel 7 i det nemnde direktivet, er fri for *Avena fatua* på tidspunktet for ei offisiell gransking.

Artikkel 2

Medlemsstatane kan fastsetje at det offisielle sertifikatet
vert utferda berre i éitt av dei to tilfella som er fastsette i
artikkel 1.

Artikkel 3

Direktiv 74/268/EØF, endra ved det direktivet som er ført
opp i vedlegg I del A, vert oppheva, utan at det rører ved dei
pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for
innarbeiding i nasjonal lovgjeving av dei direktiva som er
nemnde i vedlegg I del B.

Tilvisingar til det oppheva direktivet skal forståast som
tilvisingar til dette direktivet, og skal lesast i samsvar med
jambføringstabellen i vedlegg II.

Artikkel 4

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er
kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 136 av 24.5.2006, s. 18, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 143/2006 av 8. desember 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 15 av 29.3.2007, s. 7.

(1) TEF 125 av 11.7.1966, s. 2309. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF (TEU L 14 av 18.1.2005, s. 18).

(2) TEF L 141 av 24.5.1974, s. 19. Direktivet endra ved direktiv 78/511/EØF (TEF L 157 av 15.6.1978, s. 34).

(3) Sjå vedlegg I del A.

Artikkel 5

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 23. mai 2006.

For Kommisjonen
José Manuel BARROSO
President

VEDLEGG I

DEL A

Oppheva direktiv med endring

(nemnd i artikkel 3)

Kommisjonsdirektiv 74/268/EØF TEF L 141 av 24.5.1974, s. 19.

Kommisjonsdirektiv 78/511/EØF TEF L 157 av 15.6.1978, s. 34.

DEL B

Liste over fristar for innarbeiding i nasjonal lovgjeving

(nemnd i artikkel 3)

Direktiv	Frist for innarbeiding
74/268/EØF	1. juli 1974
78/511/EØF	1. juli 1980

*VEDLEGG II***JAMFØRINGSTABELL**

Direktiv 74/268/EØF	Dette direktivet
Artikkel 2 nr. 1 innleiande tekst	Artikkel 1 innleiande tekst
Artikkel 2 nr. 1 første strekpunktet	Artikkel 1 bokstav a)
Artikkel 2 nr. 1 andre strekpunktet	Artikkel 1 bokstav b)
Artikkel 3	Artikkel 2
Artikkel 4	—
—	Artikkel 3
—	Artikkel 4
Artikkel 5	Artikkel 5
—	Vedlegg I-II